

201301317-71
KV/AKH 312

Bø Museum,
Oterholtvegen 148,
3802 Bø

Bø, 03.02.2015

NVE – Konesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

Fråsegn til høyring av søknad for Nye Oterholtfossen kraftverk i Bø kommune, Telemark fylke.

Som ein del av det konsolidera Telemark Museum ønskjer Bø Museum å komme med innspel til utbygginga.

Heving av vasstanden oppstrøms Oterholtfossen med 0,6 meter. Me kan ikkje sjå at det er vurderer om dette har konsekvensar for bygningane til Bø museum eller områda dei ligg på. Dette må med i konsekvensanalysa. Klimaendringane som me veit kjem vil også skape problemer da me kan vente krafigare regn på kort tid noko som vil auke faren for flaum.

Framtida for det gamle kraftverket på Kvennøya. Som nemt fleire gonger i fagutredningane har Kvennøya hatt mange forskjellige aktivitetar heilt tilbake til tidleg på 1600-talet. Den siste lekkja i den aktiviteten er kraftverket som er frå 1932. Maskinene som framleis er i bruk er frå 1917. Heile anlegget vil kunne bli ein viktig del av miljøet og opplevingane på Kvennøya. Me saknar nærare omtale av kva for rolle det gamle kraftverket skal få etter den nye utbygginga og ser det som naturleg at Bø Museum/Telemark Museum blir teke med på det vidare arbeidet med planlegginga av dette.

Utbyggingsfasen. Avbøtande tiltak. Under utbyggingsfasen er det nødvendig med avtaler slik at støyande aktivitet ikkje kjem i konflikt med planlagte arrangement og anna aktivitet på Bø Museum og Kvennøya.

Minstevassføring. Me kan ikkje sjå at minstevannsføringa på 3 og 4,5 kubikkmeter er visualisera. Dette burde med for at ein kan sjå korleis dette vil sjå ut. Med så lita vassføring vil opplevinga av fossen og elva ved Kvennøya bli sterkt redusera og dette vil gå ut over området som tur- og arrangementsarena.

Bø Museum

Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø
v/ nestleiar Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø

Denne uttalen er også sendt elektronisk 2/2-15.